




Årsrapport 2025

Målsetting med nettverk av ressurspersonar i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna er kompetanseheving, samhandling og samarbeid slik at kreftpasientar og andre pasientar med behov for lindrande behandling, samt deira pårørande, opplever god kvalitet og tryggleik i alle nivå i helsetenesta.

Nettverksarbeidet har vore forankra i ein felles avtale mellom Helse Fonna, kommunane i Helse Fonna-området, Kreftforeningen Distrikt Vestlandet og Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest (KLB) sidan 2005. Etter ny samhandlingsstruktur mellom Helse Fonna og kommunane, er nettverket etablert som eit fagnettverk under FOUSAM med eit mandat frå Samhandlingsutvalget. Samhandlingsutvalget vedtok 12. desember 2014 eit mandat for nettverket som er i tråd med tidlegare avtale.

Frå 2014 er Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Kreftomsorg Rogaland (KOR) innlemma som partar i nettverket. Fysioterapeutar og ergoterapeutar er og inkluderte i arbeidet.

Organiseringa av nettverket:



Nettverket har styringsgruppe med ein representant frå kvar av partane Helse Fonna, kommunane, HVL, KLB og Kreftforeningen, samt ein brukarrepresentant. Driftsgruppa har ansvar for den daglege drifta av nettverket, og leiaren er representert i styringsgruppa.

I Helse Fonna-nettverket er det til saman 148 ressurspersonar, fordelt på 121 sjukepleiarar og 27 fysio- og ergoterapeutar pr. januar 2026. Dei representerer alle kommunar og tre sjukehus i Fonna-området.

Det er utarbeida ny, felles strategi for nettverka i alle 4 helseforetaka i Helseregion Vest 2025 – 2029.

Sjukepleiarnettverket

Klinisk arbeid for ressursjukepleiarane

Arbeid i nettverksgruppene

Det har vore arrangert i alt 12 nettverksmøte i 2025, eit vårmøte og eit haustmøte i kvar nettverksgruppe. Nettverksmøta er på 6 timar og tema har vore:

- «Oppfølging av kreftpasienter i forbindelse med cellegift, immunterapi og zometa behandling» v/ Hilde Beate Vik, Kreftpoliklinikken, Haugesund sjukehus
- "Hvordan kan flerkulturelle arbeidsfellesskap styrke våre helse- og omsorgstjenester, og fremme kvaliteten i lindrende behandling og omsorg ved livets slutt?" v/ Anne Kristine Aadland, høgskolelektor, Ph.d. v/ HVL

Ressurspersonar i fysioterapi- og ergoterapinettverket får invitasjon til dei lokale nettverksmøta, men har ikkje obligatorisk oppmøte. På nettverksmøta har tverrfagleg samarbeid og det å få innarbeidd møte mellom ressursperson og leiar fortsatt vore vektlagt. På nettverksmøta er det fast del av programmet med «runden rundt bordet», der ressurspersonane deler utfordringar og positive ting frå funksjonen som ressursperson. Ein lokal ressursperson presenterer case som utgangspunkt for felles refleksjon.

Oppmøte 2025:

Nettverk Indre Haugalandet: vår: 20 av 23 ressursjukepleiarar
haust: 19 av 23 ressursjukepleiarar

Nettverk Hardanger: vår: 12 av 12 ressursjukepleiarar, 1 fysioterapeut
haust: 9 av 12 ressursjukepleiarar, 2 fysioterapeutar, 1
ergoterapeut

Nettverk Sunnhordland: vår: 14 av 27 ressursjukepleiarar
haust: 13 av 27 ressursjukepleiarar, 1 fysioterapeut

Nettverk Ytre Haugaland Nord: vår: 11 av 18 ressursjukepleiarar
haust: 9 av 18 ressursjukepleiarar, 1 fysioterapeut

Nettverk Ytre Haugaland Midt: vår: 6 av 15 ressursjukepleiarar
haust: 12 av 15 ressursjukepleiarar, 1 ergoterapeut, 1
fysioterapeut

Nettverk Ytre Haugaland Sør: vår: 12 av 25 ressursjukepleiarar
haust: 17 av 25 ressursjukepleiarar

Årleg rapportering

Rapporteringa viser at 50 % (61 av 121) av ressursssjukepleiarane og 50 % (48 av 103) av leiarane har svart på årleg rapportering for 2025. 54 % av ressursssjuke-pleiarane som har svart, har vore ressursperson i nettverket i 3 år eller meir.

19 % har avsett tid til funksjonen, og ca. 26 % rapporterer at dei har hatt planmøte med sin leiar.

44 % av ressursssjukepleiarane i kommunen har hatt samarbeidsmøte med fastlegen om aktuelle pasientar. 73 % brukar ESAS-r på sin arbeidsplass og 12 % har medverka til utarbeiding av Individuell Plan.

Retningslinjer for symptomlindrande behandling vert brukt av 74 % av dei som har svart.

75 % har deltatt på kurs/konferansar innan kreftomsorg eller palliasjon det siste året.

76 % har vidareformidla innhald frå nettverksmøta på sin arbeidssstad, og 50 % har hatt internundervisning innan tema kreftomsorg og lindrande behandling på sin arbeidssstad.

På spørsmål om kva som har fungert godt i funksjonen som ressursperson, vert m.a. å bli brukt som ressursperson på arbeidsplassen og å vera ein ressurs for kollegaer nemnt. Fleire nemner at dei gjennom nettverket får auka kunnskap og har hatt undervisning på sin arbeidsplass.

På spørsmål om kva som har vore det mest utfordrande i rolla som ressursperson, svarar ca. 80 % at mangel på avsett tid har vore utfordrande.

På spørsmål om kva informasjon som er viktigast å få frå sjukehuset ved utskriving, vert det nemnt: behandlingsplan (kva avklaringar er gjort, hjelpebehov), kva informasjon som er gitt til pasient og pårørande, oppdatert oversikt medikament.

På spørsmål om kva informasjon som er viktigast å få frå kommunen ved innlegging på sjukehus, vert behandlingsavklaringar, funksjonsnivå og korleis det fungerer i heimen nemnt som viktige punkt.

Rundt 95 % av leiarane, som har svara på rapporteringa, seier dei er kjende med nettverksavtalen. 85 % av leiarane seier nettverket bidrar til å betra kvaliteten på kreftomsorg og lindrande behandling i stor eller svært stor grad.

Resultatet av årleg rapportering for 2025 vert presentert på årleg fagdag.

Driftsgruppa

Driftsgruppa har hatt fire møte i 2025:

18. februar på HVL

20. mai på Nå, ved Odde

2. september på Stord sjukehus

21. oktober på Haugesund sjukehus

Det har vore engasjerte medlemmer i driftsgruppa og mange saker har vore diskuterte.

Representantar i driftsgruppa 2025:

- Grete Skeie Sørhus, leiar, Vindafjord kommune og KLB
- Jenny Ann Lid Toft, Haugesund sjukehus og KLB (permisjon frå hausten 2024)
- Ingalill Voll, Fitjar kommune
- Berit Røksund, Stord sjukehus

- Laila Holberg Ragnvaldjord, Karmøy kommune
- May Kristin Valen, HVL
- Silje Kristine Kristiansen, KOR
- Maria Revheim, palliativt team, Haugesund sjukehus
- Anne Kristine Ådland, Utviklingscenter for sykehjem og hjemmetjenester i Helse Fonna-kommunane (USHT)
- Charlotte Ramsøy Naa, Odda sjukehus
- Hege Lyssand, Ullensvang kommune
- Kristin Eikill, Kreftforeningen

Styringsgruppa

Styringsgruppa for nettverket har i 2025 bestått av:

- Katrin Sigurdadottir, KLB
- Sølvi Eide Lunde, HVL
- Camilla Gram, Kreftforeningen
- PKO representant
- Ida Elisabeth Gaard, USHT
- Bjørn Harald Johansen, brukarrepresentant
- Grete Skeie Sørhus, leiar av driftsgruppa for sjukepleiarnettverket
- Karoline Berge, leiar av driftsgruppa for fysioterapi- og ergoterapinettverket

Styringsgruppa har hatt to møte i 2025:

12. februar på HVL

22. oktober på Haugesund sjukehus

Felles for begge nettverka:

Årleg fagdag

Årleg fagdag 2025 vart arrangert 26. mars med 108 deltakarar.

Tema for dagen: Omsorg i fleirkulturelt samfunn

Program for dagen:

Korleis møta pasient og pårørande med annan kulturell bakgrunn enn norsk ved sjukdom, død og sorg

Kulturforskjeller, omsorg og lidelse. Korleis kan ein best møta og hjelpe pasientar og pårørande frå annan kultur?

Utfordringar for ukrainske kreftpasientar og deira pårørande i helsesystemet: erfaringar og tilpassing

Bruk av tolk i helsesamtalar og andre samtalar, lovverk, erfaringar, råd og tips

Om å vera ny i Noreg. Basert på egne erfaringar

Evaluering: 100 % svarte dagen hadde fungert særst godt eller godt, hadde svært godt utbytte av programmet og 85 % svarte det var svært nyttig med ein fagdag for heile nettverket.

Introduksjonskurs

Introduksjonskurs vart arrangert 1. oktober 2025 på HVL. 18 nye ressurspersonar og leiarar deltok: Totalt deltok 14 sjukepleiarar, 1 ergoterapeut og 3 leiarar for sjukepleiarar.

Målsetting for introduksjonskurset er å gi kunnskap om organisering av nettverket og palliativ verksemd i regionen, samt å drøfta forventningar til og bevisstheit rundt rolla som ressursperson. Evalueringa viser at samtlege deltakarar hadde svært godt eller godt utbytte av dagen.

Fagdag i grunnleggjande palliasjon

Fagdag i grunnleggjande palliasjon vart arrangert 18. november på HVL. 80 deltok på fagdagen som vart arrangert for alle nye ressurspersonar i nettverket og alle som ynskta friska opp sine kunnskapar. I tillegg gjekk invitasjon ut til helsepersonell i Helse Fonna som møter palliative pasientar i primær- og spesialisthelsetenesta, og som ikkje er med i nettverket. Det var også mogeleg for mange, som ikkje var med i nettverket, å delta på Fagdag i grunnleggjande palliasjon og mange nytta seg av det. Dette er eit arrangement i nettverket som ein vil fortsetja med og bidra til at fleire i Helse Fonna området får auka sin kunnskap innan palliasjon. Evaluering etter fagdagen viser at alle deltakarar hadde svært godt eller godt utbytte av det faglege innhaldet i programmet. Flest deltakarar svarar at fagleg påfyll og auka kunnskap om palliasjon betyr mest på denne fagdagen, samt å bli tryggare i rolla som ressursperson.

World Hospice and Palliative Care Day

Verdsdagen for lindrande behandling vart markert 15. oktober med stand på Haugesund sjukehus. Mange forbi-passerende på veg til/frå var innom standen for ein kopp kaffe, twist og evt ein liten prat. TVHaugaland kom innom og gjorde reportasje frå standen, markeringa av dagen og intervju med palliativt team.

Velkomstbrev og nyheitsbrev

Alle nye ressurspersonar har fått tilsendt velkomstbrev med nyttig informasjon.

Nyheitsbrev frå nettverket vert sendt ut til alle ressurspersonar og leiarar to gonger i løpet av året.

Nettsider

På KLB si heimeside har Helse Fonna ei eiga side med oppdatert informasjon m.a. om nettverksmøte, nyheitsbrev og andre aktivitetar i nettverket.

Pallnet er register over ressurspersonar i Nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling i Helseregion Vest. Namnelista og oversikt over alle ressurspersonar i nettverket er å finna der. I Pallnet kan ein enkelt søkja opp ressurspersonar i nettverket.

Fysioterapi- og ergoterapinettverket

Det har vore arrangert fem møter i driftsgruppa i fysioterapi- og ergoterapinettverket i 2025. Driftsgruppa har prøvd å endra tidspunkt for årleg fagdag for nettverket, på grunn av det har vore mindre oppmøte enn tidlegare. Vi klarte dessverre ikkje oppnå mål for 2025, som var fagdag i september. Driftsgruppa valde difor å flytta fagdagen til 17. februar 2026. Driftsgruppa håpar det er eit tidspunkt som passer betre. Tema er «Når alvorleg sjukdom rammar og kroppen endrar seg». Driftsgruppa håpar mange i fysioterapi- og ergoterapinettverket vil finna dette temaet spennande og interessant.

Den digitale fagdagen på tvers av dei regionale nettverka vart i 2025 arrangert av fysioterapi- og ergoterapinetttverket i Helse Stavanger. Tema var «Huntingtons sjukdom» med undervisning ved NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus.

Konklusjon

Mange ressurspersonar har fått auka sin kompetanse og kunnskap innan palliasjon i løpet av 2025 på nettverksmøter og fagdagar. Årleg rapportering viser at 44% av ressursjukepleiarane har hatt samarbeid med lege siste året, som er 15% meir enn året før. På nettverksmøta har det vore litt varierende frammøte.

Grete Skeie Sørhus, leiar for driftsgruppa, sjukepleienettverket

Karoline Berge, leiar for driftsgruppa, fysioterapi- og ergoterapinetttverket